

---

**Fra:** Silje Andvik Hoaas  
**Sendt:** 25. august 2017 11:28  
**Til:** 'Kjosås, Siv Bianca'  
**Kopi:** Harriet Slaaen  
**Emne:** SV: Treng informasjon om endringar av nettstaden etter 1. juli 2014 - Lindås kommune  
**Vedlegg:** Difi - Status på etterarbeid; SV: Difikrav; Difigjennomgang\_Lindås og Osterøy kommune.docx; Signert avtale mellom Custom Publish og kommunane.pdf

Hei Siv Bianca,

Vi gjorde berre små justeringar for å lukke nokre av avvika, men nettstaden og oppbygginga av portalen er den same som etter lanseringa i desember 2013. Vi vurderte å re-designe nettstaden i 2016 for å møte fleire av kvalitetskrava til Difi - men landa i staden på full anbodsprosess.

Eksempel på endringar etter kvalitetsrapporten:

- Vi installerte tilbakemeldingsmodulen «fann du det du leita etter?»
- Vi fekk på plass SSL-sertifikat med utvida validering
- Vi justerte kulturkalenderen for å gjere han meir brukarvenleg
- Vi sørgja for at nettstaden vart tilgjengeleg over IPv4 og IPv6

Eg legg ved dokumentasjon på gjennomgangen til Lindås og Osterøy kommune, og dialogen vi hadde med Custom Publish og Kommuneforlaget i ettertid. Dette er uformelle arbeidsdokument/e-postar – og er ikkje datert.

Eg har også lagt ved signert og datert avtale mellom Custom Publish og kommunane.

Dersom du vel å avlyse tilsynet, kan/skal vi likevel delta på formøtet i Bergen 31. august – eller er ikkje det relevant lenger då? Vi er, som sagt i ein anbodsprosess, og hadde sett fram til å få betre innsikt i regelverket.

Høyrer frå deg.

**Silje Andvik Hoaas** | Informasjonsrådgjevar

**E-post:** [silje.andvik.hoaas@lindas.kommune.no](mailto:silje.andvik.hoaas@lindas.kommune.no) | **Telefon:** +47 456 62 114  
**Kundesenter:** +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)



---

**Fra:** Kjosås, Siv Bianca [<mailto:SivBianca.Kjosas@difi.no>]

**Sendt:** 25. august 2017 10:12

**Til:** Silje Andvik Hoaas

**Kopi:** Rømen, Dagfinn; Rygg, Malin

**Emne:** Treng informasjon om endringer av nettstaden etter 1. juli 2014 - Lindås kommune

Hei igjen,

På bakgrunn av at avtalen med dagens leverandør, Custom Publish er inngått i 2013, treng eg meir informasjon om kva endringar som er gjort av nettstaden etter 1. juli 2014. Har de ein datert og signert versjon av kontrakten?

Det går fram at de gjorde ein gjennomgang av nettstaden i 2015, basert på kriteriesettet til Difi (Kvalitet på nett/Kvalitet i digitale tenester). Vidare gjorde kommunen, i samarbeid med leverandørane dykkar, tiltak for å retta opp ulike feil avdekka i gjennomgangen. Kan du seie noko om endringar som er gjort etter 1. juli 2014?

Grunnen til at dette er viktig, er at tilsynet berre har høve til å kontrollera nettstadar som vert rekna som nye etter 1. juli 2014. Dersom kontrakten er frå 2013, er det avgjerande kor store endringar av nettstaden som er gjort etter reglane begynte å gjelde. Vidare skriv de at de er midt i ein anbudsprosess/anskaffing av ny felles nettstad, slik at de skal inngå kontrakt med ny leverandør etter 13. september. Ny nettstad skal publiserast i løpet av 2018.

Dersom dagens nettstad er eksisterande IKT, må vi avlyse tilsynet.

Med helsing

Siv Bianca Kjosås  
seniorrådgjevar  
Tilsyn for universell utforming av IKT  
Mobil: 402 11 616



Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi)  
Postboks 8115 Dep., 0032 Oslo  
Tlf. sentralbord: 22 45 10 00  
[www.difi.no](http://www.difi.no) / [uu.difi.no](http://uu.difi.no)